



Bjørn Inge Vårvik
Postvegen 163
4280 SKUDENESHAVN

Kontakt saksbehandler
Nono Dimby, 51568978

Innvilga fritak frå gjødslingsplan Karmøy 42/13 - Bjørn Inge Vårvik

Vi viser til søknaden din om dispensasjon frå krav om årleg gjødslingsplan på gnr. 42 bnr. 13 av 19.10.2023. Statsforvaltaren i Rogaland har behandla saka:

Vedtak

Statsforvaltaren i Rogaland gir føretaket Vårvik Småbruk og Sauehold ved Bjørn Inge Vårvik (org.nr. 930293776) fritak frå krav om gjødslingsplan for si driftseining så lenge jordbruksdrifta er uendra.

Bakgrunn for saka

Du har 4 vaksne sauer og 6 lam. I følgje søknaden din om produksjonstilskot i 2023 disponerer du 6 daa fulldyrka jord og 29 daa innmarksbeite på eigedomar i nærleiken av din bustad som beite for sauene dine. Areala du disponerer er for fuktige og ulendte til at det er forsvarleg med maskinell drift. Du gjødsler ikkje desse areala. Oppsamla sauegjødsling blir kompostert og nytta på grønsakhage. Du søker om fritak for krav om gjødslingsplan. Karmøy kommune meiner drifta di er særskild ekstensiv og tilrår fritak.

Regelverk og rundskriv

Føretak som disponerer jordbruksareal og som har rett til produksjonstilskot i jordbruket, er omfatta av forskrift av 1. juli 1999 om gjødslingsplanlegging. Føretak som har fleire enn 5 gjødseldyreiningar skal etter § 3 skal ha ein årleg gjødslingsplan. Kommunen kan etter § 5 dispensere frå kravet om årleg gjødslingsplan for føretak med jordbruksareal som blir drive svært ekstensivt. I rundskriv 17/2003 frå Landbruksdirektoratet er det spesifisert at kommunen ikkje kan dispensere når føretaket har fleire enn 5 gjødseldyreiningar. Statsforvaltaren kan dispensere frå forskrifta i særlege tilfelle.

Vår vurdering

Vi er samde i at drifta er svært ekstensiv. I 2023 disponerte du gjødsling frå færre enn 6 gjødseldyreiningar. Areala du disponerer blir ikkje gjødsla. Føringane i rundskrivet frå Landbruksdirektoratet er at gjødsling skal vere under 50 % av normalgjødsling for å få fritak frå kravet om gjødslingsplan. Det meiner vi er tilfellet her og gir difor fritak frå krav om gjødslingsplan.



Konklusjon

Bjørn Inge Vårvik har fritak frå krav om gjødslingsplan. Fritaket gjeld så lenge drifta ikkje er vesentleg endra.

Klage

Du kan klage på vedtaket til Landbruksdirektoratet. Send klagen til Statsforvaltaren i Rogaland. Vi vil sende saken vidare til Landbruksdirektoratet dersom vi ikkje gjer om vårt vedtak. Klagefristen er tre veker etter at du tok imot dette brevet. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og § 19.

Med helsing

Karen Beate Grimstad (e.f.)
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KARMØY KOMMUNE

Postboks 167

4291

KOPERVIK